

FARGEMERKINGSPROSJEKT PÅ SUNNMØRE OG PÅ SVALBARD

Kjell Mork Soot

Underteikna har i fleire år vore med på polarsnipefangst i Porsanger i Finnmark, der fuglane har fått på seg raude markørringar og gule flagg med svarte bokstavar. Det tok ikkje lang tid før eg såg at dette var ein unik merkemethode, som mangedoblar gjenfunnsraten. Vi har derfor starta med dette på fleire artar på Sunnmøre, og er delaktige i fjøreplyttmerking på Svalbard. Jim Wilson er leiar av polarsnipeprosjektet i Porsanger, og han har vore til stor hjelp med å få i gang prosjekta våre.

Under er nemnt dei ulike prosjekta vi er i gang med. Ser nokon ein fugl med flagg/fargeringar som stemmer med det under, så kontakt underteikna, kjellmorksoot@fugler.com. Får du fotodokumentasjon av kodene på fuglane, er det glimrande.

FJØREPLYTT: Tre forskjellige fargar er i bruk på Svalbard. Dette er i regi av Longyearbyen Feltbiologiske Forening (LoFF), der Sunnmøre RG utfører merkearbeidet.



SANDLO: Metallring venstre tars. Raud markørring venstre tibia. Gult flagg med tre svarte bokstavar høgre tibia. Hittil er 353 flaggmerkte. Desse har gitt 1 funn i Tyskland (same fuglen sett to gongar i England), 5 England (fuglane nemnt foran ikkje medrekna), 1 Skottland, 1 Wales, 1 Irland, 2 Nederland, 1 Frankrike, 1 Portugal. Dessutan er 2 sett på Sandsøya, MR. (Foto: Kjell Mork Soot)



STRANDSNIPE: Metallring venstre tars. Raud markørring venstre tibia. Gult flagg med tre svarte bokstavar høgre tibia. Hittil er 52 flaggmerkte. 1 er sett i England, og 1 i S-Sverige på vårtrekk. (Foto: Kjell Mork Soot)



RAUDSTILK: Metallring venstre tars. Gul markørring venstre tibia. Oransje flagg med tre svarte bokstavar høgre tibia. Hittil er 71 flaggmerkte. 1 observert Tyskland. (Foto: Kjell Mork Soot)



STORSPOVE: Metallring venstre tars. Oransje markørring på venstre tibia. Oransje fargering (ikkje flagg) på høgre tibia. 20 pullus er ringmerkte på Sunnmøre. Alf Tore Mjøs på Ringmerkingssentralen har fargeringmerkt 8 på Jæren, Rogaland. Hittil er 1 uidentifisert sett i Argyll, Skottland 15.august 2011. (Foto: Stian Moldskred)



SKJERPIPLERKE: Metallring venstre tars. Gul fargering med tre svarte bokstavar på høgre tars. Berre 203 er fargeringmerkt i år. Hittil er 1 individ sett i England, 1 på Lista Fuglestasjon, Vest-Agder og 1 Mølen OS, Vestfold. (Foto: Kjell Mork Soot)



GRASHOPPESONGAR: Metallring venstre tars. Gul fargering med tre svarte bokstavar på høgre tars. 24 fargeringmerkt i år. Vi ventar ingen observasjonar av desse, men Ingar Støyle Bringsvor jobbar med arten på Voksa og Sandsøya, Sande kommune, MR.
(Foto: Ingar Støyle Bringsvor)



FJØREPLYTT, Longyearbyen: Metallring venstre tars. Oransje markørring venstre tibia. Lysegrønt(lime)flagg med tre svarte bokstavar høgre tibia. 1274 blei flaggmerkte i 2010. Hittil er desse observerte: Finland 3, Sverige 4, Danmark 5, Tyskland 2, Nederland 2, Skottland 2, England 3, Sør-Trøndelag 1, Møre & Romsdal 3, Hordaland 1. (Foto: Kjell Mork Soot)



FJØREPLYTT, Longyearbyen: Metallring venstre tars. Oransje markørring venstre tibia. (Mørke)grønt flagg med tre kvite bokstavar høgre tibia. 1186 blei flaggmerkte i 2011. Hittil er 2 funne i Finland, 3 i Danmark, 3 Tyskland og 1 Nederland. (Foto: Kjell Mork Soot)



FJØREPLYTT, Sørkappøya: Metallring venstre tars. Gul markørring venstre tibia. Oransje flagg med tre svarte bokstavar på høgre tibia. 760 flaggmerkte totalt. Av desse 665 i 2009 og 99

flaggmerkte i 2011. Hittil desse observasjonane: Finland 1, Sverige 6, Danmark 4, Tyskland 4, Nederland 1, Sør-Trøndelag 1, Møre & Romsdal 1, Hordaland 2. (Foto: Kjell Mork Soot)



MYRSNIPE: Svalbard / Longyearbyen: Metallring venstre tars. Oransje markørring venstre tibia. Oransje flagg med tre svarte bokstavar på høgre tibia. 12 blei flaggmerkte i sommar. (Foto: Kjell Mork Soot)